

Trønder-Avisa

SJEFREDAKTØR OG ADM. DIR.: ARVE LØBERG

NYHETSREDAKTØR: ARNULF GOTVASLI, POLITISK REDAKTØR: JOHN ARNE MOEN
 MAGASINREDAKTØR: HEIDI J. STIKLESTAD, UTVIKLINGSREDAKTØR: BJØRNAR TROMSDAL
 Trønder-Avisa ble etablert i samarbeid mellom avisene Nord-Trøndelag (1919) og Inntrøndelagen (1897)



SKAPT FATTIGDOM: Historisk har den rurale befolkninga alltid vore relativt sett fattigare enn den urbane befolkninga, likevel har svoltten sjeldan vore like brutal på landsbygda som i byane. Dei siste åra har dette bilete endra seg, av ein milliard permanent underernærte menneske i dag er 75 prosent bønder og deira familie, skriv kronikøreren.

FOTO: SCANPIXPHOTO

Mat, miljø og fattigdom

KRONIKK



Bjørn Egil Flø
Norsk senter for
bygdeforskning

For fjerde år på rad arrangerer FN-sambandet, Bondelaget, Bygdeforskning og NTNU markeringa av den internasjonale matvaredagen. I ettermiddag samlast me på Sühmhuuset i Trondheim for å diskutere den internasjonale matvaresituasjonen. Eit lite arrangement om eit stort emne, men ein type arrangement som me ser stadig fleire av, ikkje einast her til lands anna enn kring om i heile verda.

Vanlege folk er nemleg uroa over ein situasjon som ser ut til å forverre seg same kor medvitne me er om den. På nytt ser me bileta flimre over fjernsynsskjermen, utarma og underernærte born, brennande kornåkrar og eingong så bognande markar som no ligg drukna i flaum eller i ein ørken av salt. Dei sa det ikkje skulle skje igjen. I 1974 var dei samla i Roma – matvarepolitikkane og rådgivarane – og dei lova at det ikkje skulle skje igjen. Kva gjekk galt? Kvifor greidde me ikkje å styre unna ei ny krise?

Nobelprisvinnar og professor i økonomi Amartia Sen startar sitt vidgjetne essay «Poverty and famines: an essay on entitlement and deprivation» frå 1983, med påstanden: «Svult er kjenneteikna av at folk ikkje har nok mat, ikkje ved at det ikkje er nok mat» (eiga omsetjing). Kanskje er det situasjonen enno, kanskje er det slik at det finst nok mat til alle og at utfordringa ligg i ei rettvis fordeling? «Ja», seier dei amerikanske forfattarane Sharon Astryk og Aaron Newton, i boka «A Nation of Farmers», og påpeikar det faktumet at «... dei fleste som legg seg svoltne, både i rike og fat-

tige land, har gangavstand til marknader som bognar av mat dei ikkje kan få kjøpt». Astryk og Newton poengterer at me treng å innrømme at mesta alle tilfelle av under- og feilernærning skuldast urettvis fordelingspolitikk heller enn ein absolutt matvareknappleik.

Me må verte meir effektive, sa dei etter Romamøtet i 74. Og løysinga vart meir teknologi. Me fekk intensivert den alt intensive teknologiseringa av landbruket, ikkje berre fekk me fleire og større plogar og traktorar – me fekk også fleire laboratorieplantar og kjemiingenørar som lova oss mat og grønne skogar.

Då ingeniørane gjekk attende til laboratoria sine var det økonomane som inntok FAO sine korridorar i Roma. «Mat åleine er ikkje nok», sa dei, og sjeldan har vel ein økonom snakka meir sant, men der stoppa også sannsnakkinga. Med nyutskrivne embetspapir frå Chicago-skulens menighetsfakultet teikna dei grafar og likevektsmodellar og hevda at den frie marknaden er effektiv og rettvis. «Den frie marknaden er sjølvregulerande», sa dei og påstod at forventningane i kapitalistiske økonomiar er rasjonelle. «Ligg unna statlege reguleringar og alt som luktar av proteksjonisme», åtvara dei, for det inneber effektivitetstap.

Øg slik vart det, no skulle fattige land tene seg rike på å selje maten åt svoltne medborgarar. Berre Brasil eksporterer mat for mellom 25 og 30 milliardar US dollar, samstundes som millionar av menneske går svoltne kring i Rios gater. Eit enda

større paradoks er Etiopia, som midt under den enorme svoltkatastrofa i 1984 eksporterte mat for nær 3 milliardar dollar. Dei aller fleste landa – også dei aller fattigaste – er naturressursmessig fullt i stand til å produsere nok mat til at alle kan ete seg mett. Mangelen er styrken til å bygge rettvis institusjonar som sikrar folket grunnleggjande rettar som mat, verdighet og tryggleik.

Men matvarepolitikarane og rådgivarane kliv opp på dei opphøge talarstolane og tviheld på den mest handterlege utfordringa – nemleg; korleis auke matvareproduksjonen? Og sjølv sagt har me produksjonsutfordringar, men om me ikkje samstundes evnar å diskutere fordelinga vil produksjonsauken einast gjere dei mette mettare. Fattige born i Antananarivos bakgater vil framleis måtte leggje seg like svoltne, kanskje registrerer dei at det heng nokre fleire kyllingar i slaktarens vindauge, men smaken av kylling vil dei aldri kjenne. Så Astryk og Newton har rett; me treng å innrømme at fattigfolks svolt fyrr og fremst er tufta på rikfolks val.

For oss som lever våre tilpassa liv i det rike nord kan det vere vanskeleg å sjå alle samanhengane, det kan vere balesamt og tykkjst i overkant politisk korrekt å måtte drage lange filosofiske refleksjonar kvar gong me måtte få lyst på ei tigerreke eller ein kopp kaffi. Er det me og alle våre individuelle val som tek maten or hendene åt svoltne born i Bangladesh, eller er det det økonomiske system og ideologien det er tufta på som har skulda? El-

ler har kanskje Chicago-økonomane rett? Er det rett og slett slik at me et for lite tigerreker, og at me drikk for lite kaffi? For me har då høyr det før, me har då høyr at dei rike lyt verte rikare skal me greie og løfte dei fattige ut av fattigdommen, eller som John F. Kennedy brukte seie så fint «... a rising tide lifts all boats». Spørsmålet er berre, trur me på det?

Historisk har den rurale befolkninga alltid vore relativt sett fattigare enn den urbane befolkninga, likevel har svoltten sjeldan vore like brutal på landsbygda som i byane. Dei siste åra har dette bilete endra seg, av ein milliard permanent underernærte menneske i dag er 75 prosent bønder og deira familie. Ikkje berre har den stadige industrialiseringa av landbruket, også i den tredje verda, bidrege til ei forsterka urbanisering og ei utarma rural befolkning, men den har også skapt eit sårbart landbruk.

Monoproduksjonar og konsentrasjon av vasskrevjande produksjonar i område der det knapt regnar, utarmar humusen og skaper ein matmarknad som svingar i takt med plasseringa av tilfeldige værferenomen. Industrialiseringa av landbruket har gjort bønder og den rurale befolkninga avhengige av innkjøpte innsatsfaktorar og meir vare for skift i pris og tilgjengelegheit. Me ser no at sjølv orsmå prisauke på kunstgjødsel, diesel eller såkorn legg etter seg tragediar, ikkje berre i bondehushaldet, men også regionalt, og er med på å skape grobrot for nasjonale og internasjonale oppror.

“
**Aursmå
prisauke
legg etter
seg
tragediar.**